



- eit fyrtårn i vest

Landbruksverdiar i Øygarden

Kunnskapsgrunnlag til
arealdelen til kommuneplanen 2027-2039



Dei siste 50 åra har vi i Øygarden ikkje vore så flinke til å sjå på landbruksareala våre som ein ressurs.

Bør vi tenka annleis om framtida?

Datert: 21.10.2024

OYGARDEN.KOMMUNE.NO

Innhald

1. Kvifor skal vi ta vare på landbruksjorda?	3
2. Historia om landbruket i Øygarden – kort fortalt	3
3. Verdiskaping frå landbruket i Øygarden	3
4. Landbruksareal i Øygarden.....	4
5. Kva for utfordringar og moglegheiter har landbruket i Øygarden?.....	9
6. Korleis kan vi ta vare på viktig landbruksareal og verna om jorda i Øygarden?.....	9
7. Kor mykje landbruksareal har vi satt av til andre formål i gjeldande arealplanar?.....	10
8. Vidare arbeid.....	10
9. Kjelder.....	11

1. Kvifor skal vi ta vare på landbruksjorda?

Klimaendringar og uro som påverkar den globale handelsmarknaden er aukande trugsjar mot verdas matproduksjon. Derfor set vi no meir fokus på å ta vare på jordressursar over heile landet. For Noreg er det viktig å sikra framtidens matproduksjon og nasjonal beredskap, men jordvern handlar også om mykje meir enn matproduksjon:

- Matjorda er dyrka opp gjennom fleire hundre år, og er ein knapp og ikkje-fornybar ressurs.
- Truleg held ein fjerdedel av alle artar i verda til i jorda.
- Jordsmonnet er framtidens genbank og ei viktig kjelde for medisinar.
- Jorda lagrar vatn og dempar flaumar.
- Godt landbruk aukar karbonlageret i matjorda, og kan bidra til å dempa klimaendringar.
- Klimaendringar og meir ekstremvêr endrar føresetnadane for å produsera mat over heile verda.
- Aktivt landbruk bidreg til å oppretthalda opne og vakre natur- og kulturlandskap, kulturmiljø og naturmangfald, noko som igjen er attraktivt for reislivsnæringa.
- Norsk landbruk reduserer bruken av knappe areal- og vassressursar i andre land.
- Fleire menneske på jorda aukar behovet for areal til landbruk.
- Nok, trygg, god og kortreist mat er ein viktig del av livskvaliteten vår.

I Noreg er berre 3 prosent av landarealet landbruksareal. Dei gode landbruksareala ligg ofte inneklemt i tettbygde område, og forsvinn raskt som følge av ønskt fortetting eller bygging av vegar og annan infrastruktur. I mindre sentrale område gror mange landbruksareal att, som følge av at drifta vert lagt ned.


2. Historia om landbruket i Øygarden – kort fortalt

Landbruket i Øygarden har likeins med resten av landet vore gjennom store endringar dei siste 50 åra. Frå å vera fiskarbønder og leva av naturressursane, har vekst i talet på innbyggjarar, moderne teknologi, betra økonomi og overskot av fritid ført med seg store endringar for måten vi lever på. Også for bruken av jordressursane våre.

3. Verdiskaping frå landbruket i Øygarden

I Øygarden kommune var det i 2023 102 søkjarar til produksjonstilskot i landbruket. Talet på søkjarar har hatt ei svak stigning dei siste 10 åra. Til samanlikning var det 80 søkjarar i 2014 og 87 søkjarar i 2020. Produksjonstilskotet speglar att kor mange landbruksbedrifter vi har i Øygarden. Samstundes har vi fleire hobbybønder som dyrkar eller har dyr til eigenproduksjon, dyr på beite for å halda i kulturlandskapet i hevd eller som driv i så liten skala at dei fell utanfor ordninga for produksjonstilskot.

Tal frå [verdiskapingsbarometeret til NIBIO](#) viser at hovudvekta av verdiskapinga kjem frå sau.



4. Landbruksareal i Øygarden

I Øygarden har vi 16 428 dekar dyrka jord (fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite), noko som utgjer omlag 5,2 prosent av landarealet i kommunen. Sidan 2014 har vi omdisponert nesten 500 dekar dyrka og dyrkbar jord til andre formål enn landbruk.

Den dyrka jorda ligg spreidd på dei gamle gardane rundt i heile kommunen. Nokre stader er dei små og oppstykkja, andre stader er dei noko større og meir samanhengande. Uavhengig av storleik kan kvaliteten vera svært god. Nokre stader er det derimot lenge sidan jorda har vore i drift, noko som påverkar tilstand og kvalitet. Utmarka med lyngheiene har vore viktige ressursar i landbruket i Øygarden.

Mindre og inneklemt landbruksareal kan vera vanskeleg å driva maskinelt, men kan ha stor verdi for lokal og småskala matproduksjon, opplevingar, læring, og som kultur- og miljøkvalitet i meir urbane område.


Produksjonstilskot til landbruk

Landbruksareala som kjem inn under produksjonstilskot vert i dag nytta til innmarksbeite og grovfôr. Det var ingen

Arealtype	Dekar	%
Jordbruksareal ▲		
Fulldyrka	3 870	1,2
Overflatedyrka	2 718	0,9
Innmarksbeite	9 840	3,1
Skog ▼	67 934	21,7
Bebyggelse/samferdsel	25 863	8,3
Annet markslag ▼	203 005	64,8
Ikke kartlagt	0,0	0,0
Sum	313 230	100

Kjelde: Arealressurskart AR5, årsversjon 2023, NIBIO

bønder i Øygarden som i 2023 fekk tilskot til produksjon av korn, poteter, grønnsaker eller frukt og bær.



Jorda i Øygarden vert i all hovudsak nytta som vinterfôr til sauer, og vel 100 geiter. Elles vert det drive med amme- og mjølkekyr, gris og verpehøner.

	Foretak	Antall dyr
Melkekyr	3	28
Ammekyr	9	41
Vinterfôra sauer	93	4 425
Geiter	11	113
Avlspurker	2	5
Slaktegris	1	2
Verpehøner	4	7 582
Slaktekylling	0,0	0,0


Kjelde: Produksjonstilskot 2023, Landbruksdirektoratet

Jordressursar utan aktiv drift

48,5% av den dyrka jorda vi har i Øygarden er truleg ikkje i drift. Tal frå NIBIO viser at det berre vert søkt om areal- og produksjonstilskot for 8255 dekar av totalt 16017 dekar dyrka jord i kommunen

vår. 1936 dekar av den dyrka jorda er skilt i frå landbrukseigedommane, og dei resterande 5825 dekar ver det ikkje betalt ut produksjonstilskot for å drifta.

Som kartutsnittet nedanfor viser, ligg jorda som ikkje vert drifta (markert i gult/oransje) spreidd rundt i heile Øygarden, og det er særleg mykje av den sør i kommunen.




Det er truleg stor variasjon i kor lenge jorda har lagt brakk, om den ligg i bustadområde, vert slått årleg og kva som krevst for å sette den i stand og i drift att. Fjerne kratt og vegetasjon, drenera, kalka, pløya og så er døme på tiltak som kan vera nødvendig for at jorda skal kunna driftast att.

Nokre av desse areala blir framleis haldne i hevd sjølv om dei ikkje kjem inn under krava som ligg til produksjonstilskot, og ligg nesten klare til ny drift.

Dyrkbar jord

I Øygarden er 2 390 dekar kartlagt som dyrkbar jord. Dette er areal som kan dyrkast opp til fulldyrka jord, og som held krava til klima og jordkvalitet for plantedyrking. 48,9 prosent av areala som kan dyrkast opp i Øygarden er i dag registrert som myr. Det føreligg eit forslag frå Miljødirektoratet om forbod mot nydyrking og nedbygging av myr som eit miljø- og klimatiltak. Dersom lovforslaget vert godkjent, vil vi måtta utelata nesten halvparten av det arealet som er kategorisert som dyrkbar jord i Øygarden.



Kor godt egna den dyrkbare jorda er for matproduksjon, er mellom anna avhengig av klimaet. Landet er delt inn i klimasoner frå 1–6, der sone 1 er best egna for matproduksjon. I Øygarden ligg 92,7 prosent av den jorda som kan dyrkast opp i sone 3.


Dyrkbar jord fordelt på klimasoner

Sone	Dekar	%
1 Godt egnet for matkorndyrking	0,0	0,0
2 Marginal for matkorndyrking	175	7,3
3 Godt egnet for fôrkorndyrking	2 215	92,7
4 Marginal for fôrkorndyrking	0,0	0,0
5 Godt egnet for grovfôrdyrking	0,0	0,0
6 Marginal for grovfôrdyrking	0,0	0,0
Total dyrkbar jord	2 390	100

Kjelde: Dyrkbar jord, årsversjon 2022, NIBIO

Jordsmonn

Det er i liten grad gjennomført kartlegging av jordsmonn i Øygarden. Berre 2 prosent av fulldyrka og overflatedyrka areal er kartlagt. Truleg er slike kartleggingar gjennomført i samband med reguleringsplanarbeid, som til dømes i arbeidet med planlegging av nytt Sotrasamband.



Nydyrking

Nydyrking kan vera med å auka matproduksjon ut frå norske ressursar. Både oppdyrking av nye areal og gjendyrking av landbruksareal som ikkje har vore nytta på over 30 år kjem inn under omgrepet. Sidan 2005 har Øygarden godkjent nydyrking av om lag 300 dekar landbruksareal, i stor grad oppdyrking av nye areal. Kleivhaugen på Fjell er eitt av dei største områda med oppdyrking av nye areal.

Nydyrking har ikkje berre positive sider, og kan til dømes føra med seg forureining til vassdrag redusera biologisk mangfald, øydelegga kulturminne og auka utslepp av klimagassar. I Øygarden vil oppdyrking av nye areal ofte gi store endringar av eit relativt flatt og ope landskap, endringar av naturlege vassvegar og utslepp frå karbonlager i myrer.

Nydyrking kan ikkje kompensera for nedbygging, sidan vi veit at naturleg danning av jordsmonn tek tusen år. Det tek også tiår med dyrking og kultivering for å utvikla god matjord. Avlingar frå nydyrka jord vil derfor vera mindre enn i gammal kulturjord i god hevd.

Kystlyngheia - verdifullt landbruksareal

Vintermildt kystklima gjer det mogleg for småfe og nokre typar storfe å beita i lyngheiene i utmarka store delar av året. Gammalnorsk sau, også kalla villsau, er best eigna til å utnytta beiteressursane året rundt.

Beiting av kystlyngheiene bidreg til at jorda tek opp meir vatn, reduserer erosjon og fører til fleire pollinerande insekt. Kystlyngheine lagrar karbon i jordsmonn og torv, noko som kan bidra til å balansera karbonutslepp og gjera kjøt- og mjølkeproduksjon meir klimavennleg.

Kjøtt og mjølkeproduksjon frå beite i kystlyngheiene er ein moglegheit å utnytta lokale ressursar til å produsera meir lokal mat, slik at vi kan auka sjølvforsyning og importera mindre. Beitedyr er også ein ressurs for produksjon av klede og skinn.

5. Kva for utfordringar og moglegheiter har landbruket i Øygarden?

Klimaendringar kan påverka føresetnadane for landbruk i Øygarden

Forventa klimaendringar vil truleg føra til ein høgare gjennomsnittleg årstemperatur og lengre vekstsesong i Øygarden. Det vil gi oss moglegheiter til auka fôrproduksjon og gi betre føresetnader for å dyrka av grønsaker, frukt og bær. Samstundes vil nedbøren auka og vera meir intens, noko som vil krevja at vi tilpassar drift og produksjon, og ikkje minst iverksett tiltak for å ta unna vatn.

Landbruket vert ofte stempla som ein klimaversting. Samstundes har vi ei stor utvikling innan kunnskap om klimatiltak innan landbruket og karbonlagring gjennom drift av jorda. Ny kunnskap, ny teknologi og nye driftsmetodar vil i framtida vera viktige bidrag for å redusera klimagassutslepp frå landbruket. Jord, skog, og landbruksvekstar har viktige funksjonar i karbonkretsløpet. Gjennom fotosyntesen bind plantene karbondioksid, og drift av jorda er derfor en del av klimaløysinga, samstundes som vi kan bli meir sjølvforsynte med matproduksjon.

Attgroinga er ein trugsel

Dei siste 50 åra er bruken av utmarksbeite kraftig redusert. Kratt, skog og fremmedartar er på god veg til å ta over fleire tusen år med lyngbrenning og beite. Dersom vi skal behalda det unike lyngheilandskapet i Øygarden, må vi bremsa attgroinga. Det er vanskeleg å leggja eit slikt ansvar på den enkelte grunneigar, og løysingar må arbeidast fram gjennom samarbeid mellom landbruket og den kommunale- og statlege forvaltinga. Tjeldstø naturreservat i kommunen vår er eit godt døme på korleis statleg vern med forvaltingsoppgåver, tiltak og tilskotsmidlar til lokalt landbruk kan bidra til å unngå attgroing av eit større våtmarks- og lyngheiområde.

Småskala dyrking

Sidan det tek lang tid og mykje innsats for å bygga opp att dyrka jord, har vi eit særleg ansvar for å ta vare på dei areala vi har. Sjølv om den dyrka jorda ligg spreitt og flekkvis rundt i kommunen, kan den ha stor verdi for framtida. Stordriftsfordelar er vanskeleg å oppnå, men det kan gjerne vera dei minste flekkane som ligg at med dyrka jord som har det beste utgangspunktet for dyrking av grønsaker eller bær.

Små flekkar med dyrka jord kan til dømes nyttas til småskala dyrking, nabolagshagar eller urbant landbruk. Bruk av jordressursar kan bidra til å gjera nabolaga grønare, meir triveleg og meir robuste i møte med klimaendringar og auka nedbør. Kontakt med jorda og gleda ved å dyrka eigen mat bidreg til betre folkehelse, i tillegg til at det veks fram nye møteplassar. Det er også ei styrke at fleire får kunnskap om matproduksjon og bruk av lokale råvarer. Småskala dyrking, nabolagshagar og urbant landbruk kan føra med seg verdiskaping gjennom nye forretnings modellar for gardbrukaren eller andre produsentar.

6. Korleis kan vi ta vare på viktig landbruksareal og verna om jorda i Øygarden?


Sidan vi i Noreg har lite landbruksareal samanlikna med andre land, har regjeringa gjennom ein oppdatert jordvernstrategi 2022-2023 og i nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027 peika på korleis vi skal styrka norsk matproduksjon.

Den nasjonale hovudmålsettinga er at vi skal omdisponera og bygga ned mindre jordressursar, særleg dyrka jord. I arbeidet med arealdelen til kommuneplanen skal det gjerast vurderingar av om arealformål som inneber å omdisponera dyrka jord skal tilbakeførast til landbruks-, natur- og friluftsmål.

Gjennom samfunnsdelen til kommuneplanen 2022-2034 har Øygarden eigne arealstrategiar om å ta vare på jordressursar og styrka landbruket. Vi skal blant anna leggja til rette for verdiskaping og næringsutvikling basert på landbruk og «Prioritera landbruket framfor å bygga ned dyrka mark og viktige, både noverande og framtidige, beiteareal».

7. Kor mykje landbruksareal har vi satt av til andre formål i gjeldande arealplanar?

Til saman har vi i Øygarden satt av 1347 av våre 16 428 dekar jordressursar til utbyggingsføremål. Det er særleg bustadføremål som er satt av der vi har full- og overflatedyrkajord og innmarksbeite. I tillegg har vi store arealreservar for både bustad og næring som ligg i myr og open fast mark. Sistnemnde er ofte kystlynghei.



Kartforteljinga Verdier i Øygarden viser kva stader vi planlegg å bygga ned, og kva type utbygging vi til no har prioritert framfor landbruksjorda vår.

8. Vidare arbeid

Både denne rapporten og [kartforteljinga Verdier i Øygarden](#) vil bli oppdatert med ny kunnskap, etter kvart som arbeidet med arealdelen til kommuneplanen 2027-2039 går framover.

I det vidare arbeidet med arealdelen skal vi blant anna arbeida meir med konflikhtar mellom landbruksjorda og planlagt utbygging:

- Inneber nasjonale føringar og samfunnsdelen til kommuneplanen at vi skal ha ein nullvisjon om å bygga på dyrka eller dyrkbar jord?
- Kva meiner innbyggjarane og bøndene som representerer næringa er viktige landbruksareal?
- Kva er balansen mellom landbruksdrift og næringsutvikling opp i mot det å ta vare på landbruksjorda?
- Skal vi ha kjerneområde for landbruk i framtida? Og kva legg vi i det?

9. Kjelder

[Arealbarometer - Øygarden \(nibio.no\)](#)

[Jordbruksforetak, jordbruksareal og husdyr - Landbruksdirektoratet](#)

[Fakta om jordbruk – SSB](#)

[Jordvernets begrunnelser](#), kunnskapsgrunnlag for revidert jordvernstrategi. NIBIO- rapport 72/2021

[Kunnskapsgrunnlaget for norsk jordvernstrategi](#). NIBIO- rapport 38/2023

[Oppdatert jordvernstrategi](#). Prop. 121 S, vedlegg 9, Endringer i statsbudsjettet 2023 under Landbruks- og mat departementet.

[Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023–2027 - regjeringen.no](#)